

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 72/2019

2020/EØS/44/27

av 29. mars 2019

**om endring av vedlegg II (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering) og
vedlegg IV (Energi) til EØS-avtala**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/1369 av 4. juli 2017 om fastsetjing av ei ramme for energimerking og om oppheving av direktiv 2010/30/EU⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Forordning (EU) 2017/1369 opphevar direktiv 2010/30/EU, som er teke inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 3) Vedlegg II og IV til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Teksta i EØS-avtala vedlegg II kapittel IV nr. 4 (europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU) skal lyde:

”32017 R 1369: Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/1369 av 4. juli 2017 om fastsetjing av ei ramme for energimerking og om oppheving av direktiv 2010/30/EU (EUT L 198 av 28.7.2017, s. 1).”

Artikkel 2

Teksta i EØS-avtala vedlegg IV nr. 11 (europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU) skal lyde:

”32017 R 1369: Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/1369 av 4. juli 2017 om fastsetjing av ei ramme for energimerking og om oppheving av direktiv 2010/30/EU (EUT L 198 av 28.7.2017, s. 1).⁽¹⁾

- (1) Oppført bare for informasjonsformål – for anvendelsen, se vedlegg II om tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering.”

Artikkel 3

Teksta til forordning (EU) 2017/1369 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 4

Denne avgjerda tek til å gjelde 30. mars 2019, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

(¹) TEU L 198 av 28.7.2017, s. 1.

(*) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 5

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 29. mars 2019.

For EØS-komiteen

Claude Maerten

Formann